



## Statens vegvesen

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Behandlende eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Marianne Skulstad / 55516253	Vår referanse: 16/113965-8	Dykkar referanse: 16/2509 – 16/34471	Vår dato: 09.01.2017
------------------------------------	--	-------------------------------	--	-------------------------

### Uttale til klage – gnr. 108 bnr. 84 – Lindås kommune

Vi viser til motteke klage til uttale. Saka gjeld carport og bod innanfor byggjegrense mot veg på eideom gnr. 108 bnr. 84 i Lindås kommune. Statens vegvesen har tidlegare uttalt seg til saka i brev til Lindås kommune datert 04.10.2016, og vi viser til denne uttalen. Nedanfor vil vi kommentere dei punkta i klagen som er fagleg relevant for oss.

#### Om dispensasjonsvurderinga, jf. pbl. § 19-2

Plan- og bygningsloven slår fast at dispensasjon ikkje kan gis dersom omsyna bak føresegna det skal dispenserast frå vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå lova og forskrifter til lova skal det leggast særleg vekt på dispensasjonens konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge.

Statlege og regionale rammer og mål skal tilleggast særleg vekt, og kommunen bør ikkje dispensere frå planar når ei direkte råka statleg eller regional myndighet har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

#### Statens vegvesens syn på klagers argumenter

1. Søkar argumenterer med at Statens vegvesen ofte vil vere negativ til dispensasjon mot byggjegrense mot veg, og at vi er lite villige til å sjå på tilhøva på den enkelte eigedom.

Statens vegvesen vurderer kvar einskild sak når det gjeld dispensasjon frå byggjegrense. Det tar vi utgangspunkt i dei generelle krava i veglova §§ 29–38. Vi vurderer saka ut frå retningslinjene i *Rammeplan for avkjørsler og byggjegrenser på riks og fylkesvegar i Region*

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

vest og vurderer tilhøva i den konkrete saka. På den bakgrunnen vurderer vi om det er tilrådeleg å gi dispensasjon frå dei generelle krava. Det har vi også gjort i denne saka.

2. Søkar argumenterer med at høgdeskilnaden mellom eksisterande veg og eigedomen gjer at sikt og trafikktryggleik ikkje vert råka av tilbygget, sjølv ved ei vegutviding.

Sjølv om bygningen ligg vesentleg høgare enn vegnivå, vil den utvida bygningsmassen gjere det vanskeligare å utvide vegen om det vert trøng for høgresvingefelt eller fortau langs fv. 57. Høgdeskilnaden er difor ikkje relevant i saka.

3. Søkar skriv at eit eksisterande tilbygg ligg nærmare fv. 57 enn omsøkt tilbygg. Ved vegutviding vil difor dette også måtte ekspropriert/rivast. I ein slik prosess utgjer eit bodbygg/carport liten skilnad.

Det eksisterande tilbygget ligg lenger vest, og lengre unna krysset mellom fv. 57 og fv. 400. Det er difor ikkje nødvendigvis slik at det eksisterande tilbygget vil kome i konflikt ved ei vegutviding, fortau eller siktutbetring, sjølv om carporten kjem i konflikt. Det vil eventuelt verte avklart ved planlegging/prosjektering av tiltak.


4. Søkar ønskjer å skjerme seg mot den aukande trafikkstøyen ved å byggje bod i bakkant av carport.

Etter vårt syn treng ikkje bod å ligge utanfor gjeldande byggjegrense for å dempe støy frå vegtrafikken. Det er nok areal på grunneigars eigedomar til å tilpasse plasseringa til gjeldande byggjegrense.



5. Søkar hevdar at vegen er bygd delvis på privat grunn, utan at eigar har fått kompensasjon eller avbøtande tiltak.

Vi kan ikke ta omsyn til dette, fordi dette no er ei ny sak som må vurderast sjølvstendig etter gjeldande regelverk. Illustrasjonen til høgre viser arealet merknaden gjeld.



#### Oppsummering

Fordelane ved å gi dispensasjon skal vere klart større enn ulempene. I denne saka er det berre framlagt fordelar for grunneigar ved å få dispensasjon, då han får støydemping på gardsplassen samtidig som bygningsmassen på eigedommen vert trekt lenger ut mot fylkesvegen. Etter plan- og bygningslova har omsynet til private fordelar mindre vekt enn omsynet til samfunnsinteressene som i dette tilfellet er høve til framtidig utbetring av fylkesveg.

Etter vårt syn er det sannsynleg at støydempingseffekten kan ivaretakast sjølv om bod/carport vert bygd innanfor gjeldande byggegrense. I denne saka ligg eksisterande bustadhus allereie svært nær fylkesvegane. Statens vegvesen meiner det er viktig å ivareta eksisterande buffer mellom hus og veg, slik at det er rom for å utbetre kryssområdet i framtida og ivareta trafikktryggleiken for trafikantane.

Dei negative konsekvensane for samfunnet ved å ikkje ha areal for eventuell kryssutbetring, er etter vårt syn klart større enn dei positive konsekvensane ved at søker må flytte støyskjerminga innanfor dagens byggjegrense.

#### Konklusjon

Statens vegvesen held fast på vår uttale datert 04.10.2016, og er samd i Lindås kommune si vurdering av saka.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen

Med helsing

Kari Elster Moen  
overingeniør

Marianne Skulstad  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Arkoconsult AS, Postboks 103, 5291 VALESTRANDSFOSSEN